

Notat

Til:

Kriseleiinga

Vår ref:
2020/228-52

Sakshandsamar:
Aud Sunniva Fuhr,
aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no

Arkivkode:
X26

Dato:
16.12.2020

REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 16.12.2020

Møtestad:	TEAMS
Møtetidspunkt:	16.12.2020
Desse møtte:	Aud Sunniva Fuhr, Steinar Kyrvestad, Solveig Kyrvestad, Dag Steinar Skagestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme

Nr.	Sak	Ansvar	Frist
1.	<p>Oppfølging frå førre møte pkt. 3,4 og 8</p> <p>Trafikklysmoell – kva status har vi pr. i dag? Skule og barnehage i Valle er på gult. Resten av organisasjonen har vi vurdert framleis er på grønt jf. Nasjonale føringar Valle kommune vidarefører avgrensing av sosialt samvær i regi av Valle kommune som arbeidsgjevar. Dette fordi Valle kommune som arbeidsgjevar har stort fokus på smittevern og førebygging.</p> <p>Arrangement i regi av organisasjonar/privat – nasjonale retningslinjer gjeld.</p> <p>Ny vurdering vert gjort i neste møte i kriseleiinga, medio januar</p> <p>Kommunikasjon i høve heimreise til jol og besøk frå andre kommunar. Oppmoding om å vise varsemnd no i tida frametter. Særleg dei som kjem frå stader med høg smittespreiing. Vi legg ut informasjon på heimesida og facebook fredag 18.12. Vi sender til kommuneoverlege for gjennomsyn før vi publiserer.</p> <p>Førespurnad om leige av lokale i romjola. Valle kommune vil følgje nasjonal oppmoding om å legge til rette for at barn, ungdom og unge vaksne kan samlast i kontrollerte former i jola. Ved bestilling av lokale må vi vere tydelege på at arrangør er ansvarleg for at smittevernet blir ivaretatt.</p>		
2.	<p>Vaksinasjon – Mykje logistikk som må på plass. Helsesjukepleiar er vaksinasjonskoordinator i Valle. Ein reknar med at første vaksinene kjem i januar. Informasjonsskriv blir laga av smittevernlege slik at alle får lik informasjon. Planutkast for gjennomføring blir sendt til leiar for pleie og omsorg.</p>		
3	<p>Beredskap jol</p>		

	Alle i kriseleiinga er tilgjengelege i romjola om det skulle oppstå situasjon.		
4	Anna Neste møte vert på nyåret. Rådmann sender møteinnkalling på teams.		

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Rådmann